

# Handtering av rusbruk i skulen

Handlingsplan for skulane i Time kommune



## Forord

Kjentmann er ein beredskapsordning for skulen, kor hensikta er å styrka arbeidet med rusrelaterte problemstillingar. KoRus vest Bergen har arbeida med å etablera Kjentmenn i skulen frå 2001. «Kjentmann» blei utvikla i 2001 på oppdrag frå rusmiddelpolitisk råd i Bergen kommune. Utviklingsarbeidet blei leda av fagpersonar i Stiftelsen Bergensklinikkane med god hjelp av ressursgruppe beståande av elevar, lærarar, helsesjukepleiarar og fagfolk frå Ytrebygda bydel i Bergen kommune. Kompetansesenter Rus- region vest Bergen, Stiftelsen Bergensklinikkene hadde ansvaret for utarbeiding av heftet Kjentmann som blei skrive av spesialkonsulent Bjarte Bøe.

Målet er at ungdomsskulane i Time skal kunna oppdaga og identifisera rusbruk hos elevar tidleg og gje tilsette i skulen konstruktive handlingsalternativ overfor elevar som rusar seg, ungdomsskulane har ein Kjentmann som har auka kompetanse innan rusførebygging og tidleg intervensjon.

## Innhold

|                                                                    |   |
|--------------------------------------------------------------------|---|
| Forord.....                                                        | 2 |
| 1   Å møte elevar med rusproblem .....                             | 4 |
| 2   Rutinar.....                                                   | 5 |
| Ved mistanke eller kjennskap til rusbruk hos elever: .....         | 5 |
| Når elever er ruspåverka i skuletida: .....                        | 5 |
| Ved mistanke om eit rusmiljø på skulen: .....                      | 5 |
| 3   Endringar og signal som kan skyldast rusåtfærd/rusproblem..... | 6 |
| 4   Samarbeid mellom heim og skule .....                           | 6 |
| 5   Samtalen .....                                                 | 7 |
| Samtale med eleven:.....                                           | 7 |
| Skap gode rammer for samtale: .....                                | 7 |
| Kontakt med føresette: .....                                       | 7 |
| Følg opp med elev, heim og eventuelt andre instansar:.....         | 7 |
| Døme på samtaleopning: .....                                       | 8 |

# 1 Å møte elevar med rusproblem



---

*«Det er viktig å ikkje oversjå elevar med ein problematisk rusmiddelbruk, men det er like viktig å ikkje overreagera»*

---

## 2 Rutinar

Ungdomsskulane i Time kommune følgjer desse trinna ved mistanke om rusbruk eller kjennskap til rusbruk hjå elevane:

### Ved mistanke eller kjennskap til rusbruk hos elever:

- Kontaktlærer delar mistanke med skulens kjentmenn og rektor, og i LLE.
- Den med best relasjon til eleven, eller Kjentmann, gjennomfører samtale med elev.
- LLE legg ein vidare plan korleis dette skal ut i personalet.
- Skulen vurderer barnets beste knytt til når føresette skal få nødvendig informasjon.

### Når elever er ruspåverka i skuletida:

- Rektor kontaktar føresette og informerer.
- Skulen vurderer om det beste for eleven er skjerming på skulen, eller om føresette må henta bornet sitt.
- Ein eventuell bortvising skjer ved at eleven blir innhenta til samtale, kor ein forklarar at det uakseptabelt å vera ruspåverka på skulen, og at eleven må forlate skulens område.
- Eleven skal ha tilsyn av skulens tilsette, fram til føresette kjem.
- Eleven skal få beskjed om at dei er velkomne tilbake dagen etter om eleven er rusfri.
- Skulen skal formidla at me ønsker fleire samtalar med eleven omkring rus, og drøftar eventuelle hjelpetiltak.

### Ved mistanke om eit rusmiljø på skulen:

- Skulen tek kontakt med Ungdomsteamet for bistand i kartlegginga
- Nøkkelpersonane i miljøet inviterast til samtalar kvar for seg.
- Skulen gjer ein vurdering av situasjonen.
- Skulen involverer politiet om nødvendig.

### 3 Endringar og signal som kan skyldast rusåtferd/rusproblem

Tidlege signal på mogleg bekymringsfull rusåtferd/rusproblem er ofte diffuse og tvitydige. Desse endringane kan i ein tidleg fase verka som typisk tenårings- eller ungdomsåtferd. Denne uvissa kan gjer at ein nøler eller overser problema, noko som igjen kan føra til at problema veks. Sjå skjemaet “Signal på manglande trivsel” i BTI-modellen nivå 0 for støtte knytt til di bekymring.

### 4 Samarbeid mellom heim og skule



---

#### *Elevar kan trenga hjelp til å fortelja om rusbruk til sine føresette*

---

At føresette skal få kjennskap til rusmiddelbruken kan skapa uro og redsle hjå eleven. Samstundes er føresette viktige aktørar i det vidare samarbeidet. I samtalar med eleven bør skulens Kjentmenn og/eller lærarar oppfordra eleven til å sei ifrå heime. Dette kan og gjerast med hjelp frå skulen. Informasjon til føresette bør prioriterast tidleg.

Skulen har opplysningsplikt når elevar er under 18 år. Skulen bør informera eleven om kontakt med føresette. Det beste er likevel om denne informasjonen blir gitt i samråd med eleven.

## 5 Samtalen

---

*Å ha ein samtale er som å kome på besøk heim til nokon. Du bør gå inn med respekt, interesse og å vere venleg. Stadfest det som er fint, og la vere å kome med uoppmoda råd, eller å starta med ommøblering.*

---

Målet med samtalen er å få ei felles forståing om utfordringa og målet vidare. For å motivera eleven til endring må eleven føla seg akseptert, sett og høyrte. Eleven må sjølv ønska endring og den vaksne skal støtta og rettleia eleven.

### Samtale med eleven:

- Tenk nøye over kven som skal ha samtale med eleven. Relasjon er viktig, og at det er en voksenperson eleven stolar på, og kan opne seg for.

### Skap gode rammer for samtale:

- Sett av god tid.
- Finn ein passande stad.

### Kontakt med føresette:

- Skulen skal ringja føresette.
- Tilsette kan be om støtte frå andre som arbeider på skulen som støtte i samtalen.
- Skulen skal initiera til vidare samarbeid

### Følg opp med elev, heim og eventuelt andre instansar:

- Skulen skal sjå heile eleven.
- Viktig at skulen unngår å la fokuset på problemstillinga verta for stor, og heller har fokus på å finna gode løysingar for både skule og elev
- Dersom situasjonen tillèt det, skal eleven i størst mogleg grad få vere på skulen.

#### **Prinsipp for samtalen:**

**E** – Uttrykk empati  
**D** – Utvikla diskrespans – finn sjølvmotseiingar  
**R** – Rull med motstand  
**A** – Unngå argumentering  
**S** – Støtt meistringskompetanse

## Døme på samtaleopning:

« Me er uroa for at du har endra deg litt, me har sett (*Sjå endringar og signal* ). Korleis kjenner du deg igjen i det?.»

«Me er uroa for at du brukar rusmidlar. Korleis kjenner du deg igjen i det?»

«Me trur det skjer sal og formidling av stoff i dette miljøet. Kva tenker du om det?»

«Me er ikkje sikre, men det er i alle fall ein så alvorleg sak, at me ser oss nøydt til å reagere. Det kan og bli nødvendig å kontakta politiet.» (ved mistanke om kjøp og sal i skuletida)